



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 09.09.2016
Vår ref.: 2016/6549-7
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Avklaring av kjende kulturminneinteresser i forhold til plangrense til områdeplan for Haukeland søndre - gnr 84 bnr 4 m.fl. - Radøy kommune

Viser til telefonsamtale 08.09.2016 med Rolf Raknes ved Radøy kommune angåande reguleringsplan for Fv 406 og 407 Storheimstø-Vetås og områdeplan for Haukeland søndre.

I 2009, i samband med reguleringsplan for Fv 406 og 407 Storheimstø-Vetås, gjennomførte Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering i planområde. Det var ved denne registreringa påvist seks automatisk freda kulturminne (sjå vedlegg 1). Reguleringsplanen var i direkte konflikt med fem av desse. Grunna planens samfunnsmessige betydning i samband med trafikktryggleik vart det semje om at Hordaland fylkeskommune skulle sende ein søknad om dispensasjon frå kulturminnelova til Riksantikvaren, som er rette forvaltingsmynde i frigivingssaker. I 2010 fatta Riksantikvaren eit vedtak i saka der dei følgjar tilrådinga frå Hordaland fylkeskommune om frigiving av dei fem automatisk freda kulturminna. Dei setter som vilkår for frigivinga at den vitskapelege kjeldeverdien må sikrast gjennom ein fagleg utgraving (sjå vedlegg 2). Per i dag kan ikkje vi sjå at den arkeologiske utgravinga er gjennomført, og vi lurar på kva er statusen til den vedtekne reguleringsplanen?

I 2016 vart det varsle oppstart av planarbeid med områderegulering for Haukeland søndre. Grunna tidlegare funn av automatisk freda kulturminne i området, varsle Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering i planområdet i brev datert 08.08.2016 (sjå vedlegg 3). Områdeplanen omfattar delar av reguleringsplan for Fv 406-407 Storheimstø-Vetås, og i utkant av plangrense i nordaust ligg det ein automatisk freda lokalitet (Askeladden id. 135347) påvist ved den arkeologiske registreringa i 2009 (sjå vedlegg 4). Lokaliteten er frigjeve i samband med ovanfor nemnde reguleringsplanen, men er ikkje fagleg undersøkt. Dette er uehdig med tanke på planprosessen vidare, og vi vil gjerne få innspel frå kommunen om korleis skal vi løyse dette. Hordaland fylkeskommune har vore i kontakt med Riksantikvaren. Dei foreslår at det leggast inn eit føresegnsområde i planområde som skal sikre den automatisk freda lokaliteten med id. 135347 mot inngrep før den er fagleg utgrave, og før reguleringsplanen for Fv 406 og 407 Storheimstø-Vetås er realisert. Ei anna løysing er å endre noko planavgrensinga.

Vi ber kommunen om tilbakemelding og eventuelle innspel i saka.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

1. Vedlegg 1 - Rapport 61 Fv 406-407 Storheimstø-Vetås - Radøy kommune
2. Vedlegg 2 - Brev fra Riksantikvaren - Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne
3. Vedlegg 3 - Fråsegn til oppstart av områdeplan - Haukeland søndre - gnr 84 bnr 4 m.fl. - Radøy kommune
4. Vedlegg 4 - Oversiktskart